



Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2723 - 16/27763

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
06.10.2016

Vedrørende førespurnad om plankrav for eigedom - gbnr 212/23 Eikanger øvre

Det vises til dykkar førespurnad journalført 29.09.2016 vedrørende avklaring av plankrav for eigedom gnr. 212 bnr. 23 – Eikanger – Lindås. Dykkar referanse er 16/85666-5.

Det er sett plankrav for område B9 Eikanger. Eigedomen gnr. 212 bnr. 23 kan ikkje bebyggast utan at det på førehånd er vedteke reguleringsplan eller det er gitt dispensasjon frå kravet. Avkøyrsla til offentleg veg ligg utanfor område B9 og er, isolert sett, ikkje omfatta av plankravet.

Ein søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsla kan soleis handsamast uavhengig av ein eventuell framtidig dispensasjonssøknad på gnr. 212 bnr. 23. Det er vår klare oppfatning at søknaden om utvida bruk av eksisterande avkøyrsla må handsamast av Statens vegvesen. Det er Statens vegvesen som må gjere dei naudsynte vegtekniske vurderingane etter veglova og tilhøyrande regelverk. Dersom avkøyrsla ikkje er dimensjonert for auka bruk må Statens vegvesen avslå søknaden.

Vi kan opplyse at dersom område B9 vert regulert, vil også avkøyrsla til området inngå i planområdet. Vi delar Statens vegvesen sitt syn knytt til dei tekniske vurderingane ved eksisterande avkøyrsla .

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:



Mottakarar:

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER